


Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200506449-13/52.T00/BAHA

Dykkar ref.:
200604363-/IDA

Bergen, 08. desember 2006

Høring - forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter

Hordaland fylkeskommune handsama høyring – forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter datert 18.10.06 i fylkesutvalet 06.12.06.

Fylkesutvalet har ingen merknader til høyringa.


Inger Øvsthus Tønder


Birthe Haugen

Vedlegg: Fylkesutvalsak 326/06 Høring - forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter



Arkivsak 200506449-9
Arkivnr. 52.T00
Saksh. Haugen, Birthe

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	29.11.2006
Fylkesutvalet	06.12.2006

HØYRING-FORSKRIFT OM FORRENTNING OG TILBAKEBETALING AV UTDANNINGSLÅN OG TAP AV RETTIGHETER

SAMANDRAG

Høyringa gjeld endringar i forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettar i 2007 (tilbakebetalingsforskriften).

Det vart gjennomført ein større gjennomgang av reglane i første til fjerde del i tilbakebetalingsforskriften i 2006. I denne høyringa er det forslag om strukturelle endringar i femte del, då det er ønskjeleg med betre samsvar i heile forskrifta.

I tillegg er det forslag om endringar av regelteknisk karakter i tredje del. Det er også foreslått nokre mindre språklege endringar ved at lån konsekvent vert omtala som gjeld, der det også er snakk om påløpte rentar og omkostningar.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Fylkesutvalet har ingen merknader til høyringa.

Paul M.Nilsen

Svein Erik Fjeld

Vedlegg:

Høring - forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter

Høring – endringar i forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter
2007

FYLKESRÅDMANNEN, 17.11.2006:

Høyringa gjeld endringar i forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettar i 2007 (tilbakebetalingsforskriften).

Det vart gjennomført ei større gjennomgang av reglane i første til fjerde del i tilbakebetalingsforskrifta i 2006. I denne høyringa er det forslag om strukturelle endringar i femte del, då det er ønskjeleg med betre samsvar i heile forskrifta.

I tillegg er det forslag om endringar av regelteknisk karakter i tredje del. Det er også foreslått nokre mindre språklege endringar ved at lån konsekvent vert omtala som gjeld, der det også er snakk om påløpte rentar og omkostningar.

Femte del av forskriften omhandlar lån som er misleghalde og permanent overført til Statens innkrevingsssentral (SI). Det er utdanningsgjeld som er grovt og vedvarande misleghalde som vert overført på permanent basis til SI for innkreving. Ved permanent overføring til SI misser låntakar i all hovudsak rettane sine etter regelverket om utdanningsstøtte.

Det er foreslått omfattande tekniske endringar i kapitla 30, 31 og 32. Kapittel 30 og 31 som omhandler gjeldsordning vert slått saman til eit nytt kapittel 30. Kapittel 30 får to paragrafer, ein som tek for seg gjeldordning etter gjeldordningslova og ein som tek for seg utanrettsleg gjeldsordning. Ei slik oppbygging vil gje betre samsvar med kapittel åtte i første del av forskrifta, slik at det vert betre samsvar i forskrifta.

Vidare er det foreslått at forhold som er regulert i gjeldordningslova ikkje også skal regulerast i forskrifta. §§30-2 til 30-4 og 31-4 i den eksisterande forskrift fell då bort.

Forslag til nye forskriftstekst kapittel 30:

Kapittel 30 Utdanningsgjeld som er permanent overført til Statens innkrevingsssentral og gjeldsordninger

§ 30-1 Gjeldsordning etter gjeldsordningsloven

Utdanningsgjeld som er permanent overført til Statens innkrevingsssentral, er omfattet av vilkårene i lov 17. juli 1992 nr. 99 om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersoner (gjeldsordningsloven). Utdanningsgjeld skal behandles på linje med annen gjeld som har tilsvarende sikringsgrad.

§ 30-2 Utenrettslig gjeldsordning (tidligere §§ 31-1 og 31-2)

Når Lånekassen har overført utdanningsgjeld permanent til Statens innkrevingsssentral, kan denne delta i gjeldsordninger utenfor gjeldsordningsloven, jf. lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøtteloven), § 14.

En forespørsel om utenrettslig gjeldsordning utenfor gjeldsordningsloven skal inneholde dokumenterte opplysninger om inntekten, formuen, gjelden, antall barn og levekostnadene til skyldneren. Forespørselen skal også inneholde tilsvarende dokumenterte opplysninger om ektefellen eller samboer og annet som kan være av betydning i saken.

Reglene i gjeldsordningsloven gjelder som utfyllende regelverk.

Forlag til endringar i kapittel 32 Betalingsvilkår for lån som er overført permanent til Statens innkrevingsssentral. På grunn av samanslåing av kapittel 30 og 31 vert det som i dag er kapittel 32 nytt kapittel 31. I dette kapitelet er det endringar i ordlyden i paragrafane under. I tillegg er det i §31-5 teke inn eit vilkår om at utdanningsgjeld ikkje kan ettergivast dersom det kan virke støtande.